

# LOV OG EVANGELIUM

Oppbyggelig blad gitt ut av Norsk Luth. Lekmannsmisjon

Nr. 6

Desember 1969

5. årgang

## Står Jesus utanfor?

Noko av det tyngste eit menneske møter, det er å vera utanfor. Det veit den best som har prøvt det. Prøvt å vera utanfor i kameratflokken på skulen, vera utan vener, utan arbeid, eller utanfor i samfunnet osv. Den som må vera utanfor, eller kjenner seg utanfor av di han ikkje er som andre, han har mange tunge stunder, tunge og lange dagar og stundom netter med.

Det står om Jesus at han er prøvd i alle ting i likning med oss, og han er også kjend med det å vera utanfor. Han måtte tilbringa si første natt her på jorda utanfor. I herbyrge var det ikkje rom for han, så han måtte ty til ein stall. Og sidan fekk han gjennom heile livet erfara kva det vil seia å vera utanfor, å ikkje vera som andre, ikkje bli forstått og å ikkje bli motteken. Han var i verda, og verda har vorte til ved han, og verda kjende han ikkje. Han kom til sitt eige, og hans eigne tok ikkje imot han. (1. Johs. 1. 10—11).

Har du erfare det å koma til dine eigne, og dei kjende deg ikkje og ville ikkje ta imot deg, så forstår du litt av kva det vil seia.

Profeten seier om Jesus at me såg han, men han såg ikkje hugnaleg ut, vanvyrd var han, som ein som ingen vil sjå på, ein som folk heldt seg unna og rekna for ikkje. (Esa. 53, 2—3.)

Om du som les dette er ein av dei som

lir under det å kjenna deg utanfor, så skal du vita at Jesus har prøvt dette før deg og forstår deg som ingen annan kan. Hjå han vil du måtte forståing og ei opa dør, kven du så er eller korleis du enn er. Jesus elskar deg, så han kan du trygttru deg til.

Nå står jula for døra. Atter skal me minnast og halda fest for han som forlet himmelens herlegdom for vår skuld, og kom ned her til synda si jord for å frelsa oss frå evig fortaping. Han som var rik og blei fattig, for å kunna gjera ossrike.

Som første gongen dreg også i år kvar heim til sin eigen by, si eiga bygd og sin eigen heim, for å halda julefest. Jula er Jesus sin dag og Jesus sin fest. Eg undrast på om Jesus får lov å koma inn, eller må han stå utanfor også i år? Korleis er det i din heim, blir det rom og plass for han? Og korleis er det med njarta ditt, har han slokke inn eller må han stå utanfor?

Den første julenatta var det ikkje slik at dei ikkje ville ha han inn, men der var opteke, der var ikkje plass til han. Du ville og kanskje ha Jesus inn i heimen i jula, om der berre blei plass til han. Men det er så overfyllt at det blir liksom ikkje plass eller tid for han. Julegåvene fyller ikkje berre opp under treet, men dei fyller også lett hjarta, sinn og tanke hjå unge og eldre. Andre

er så trøytte etter ein hektisk julehandel i mammons teneste, at dei orkar ikkje tenkja på han som står utanfor. Eller du ikkje den rike bonde slappar av og er velnøgd med resultatet, for nå har du nok for lange tider, så du høyrer ikkje han som står utanfor og bankar.

Kanskje blir der tid og plass til nokon julesongar om han som er festen si årsak og midtpunkt. Men blir der ro og tid til å tenkja over det du syng, tenkja over om det er sant det du syng? «Eg er så giad kvar julekveld, for då vart Jesus fødd.» «Han er frelsar min, han er frelsar min.» «Mitt hjerte alltid vanker i Jesu føderom, der samles alle mine ville tanker som i en hovedsum. Der er min lengsel hjemme, der har min tro sin skatt, jeg kan deg aldri glemme velsignet julenatt. Akk kom, jeg opp vil lukke mitt hjerte og mitt sinn og full av lengsel: Kom, Jesus, dog her inn! Det er ei fremmed bolig, du har den selv jo kjøpt — »

I Openberinga 3, 14 - fg. står det skrive om ein kristen leiar og ei kristen forsamling at Jesus sto utanfor. Dei trudde at Jesus var inne og var med på alt det dei hadde fyre seg. Dei visste ikkje at Jesus hadde måttå gå ut, av di der blei så fullt at det blei ikkje plass for han.

Kva var det som fyllte hjarta? Kva var det som dreiv Jesus ut?

Det var ikkje verda og verda si lyst, heller ikkje var det jula sine gåver og fest. Det var deira åndelege rikdom på kristendom, kristen gjerning og teneste, som fyllte hjarta slik at der blei ikkje rom til Jesus. Det var Marta-sinnet som set tenesta framfor Jesus. Det å tena Jesus blir større enn det å bli tent av Jesus. Ved Jesu føter ei stille stund, når ordna kjem frå hans eigen munn, det er ikkje lenger hjarta sin gode del.

Så sto Jesus der utanfor og banka på,

ba om å få koma inn. Han står der også i denne jula. Utanfor hjartedøra di — utanfor døra til heimen din. «Har du hørt den stille kallen, dypt i sjel og sinn? Det er ndens røst som sier: *Gå og lukk din frelser inn!*»

Har du tenkt over kva for nåde det er at han står der utanfor? Han kunne ha gått bort! Men ennå står han der, ennå bankar han på og vil inn. Han har stade der lenge, i mørke, storm og kulde. Han må vera mykje glad i deg, som står der så lenge.

Om nokon høyrer mi røyst, og let opp døra, der vil eg gå inn, seier Jesus. Han vi lhalda nattverd med deg, og du med han. Då blir det jul, ei sann og verkeleg jul, med Guds fred og kvile i sjela og gleda i Herren.

Gud vil gi deg sine gåver. Tilgiving for alle dine synder, utlösying frå skulda, straffa og domen og fortapinga, evig liv, barnekår hjå Gud, trøst og håp ved Kristus, rettferd, fred og gleda i den Heilage Ande.

Korleis skal eg få han inn, spør du. Be han inn, rop han inn! *Kom inn. Herre Jesus!* Då stig han inn, og han er ikkje tungbedd.

Men eg kan ikkje be han inn slik som her ser ut — slik som eg er. Du synest du må rydda og fjelga lit først, før du kan be han inn. Den ryddinga blir du aldri ferdig med. Og for Jesus nyttar det ikkje å prøva rydda bort, og prøva gøyma det han ikkje må sjå. Kvar skulle du gjera av det og gøyma det, for hans auga som ser alt og han som veit om alt?

Nei, be du han inn nett slik som du er og som du har det. Ingen stad er det for uselt for Jesus å stiga inn. Han steig inn i til røvaren på krossen — inn i røvarhjarta, og til syndarinna og tollaren, og inn i Saulus sitt eigenrettferdige hjarta som frøste av mord mot Jesus og hans vener.

**Bladet Lov og Evangelium**

Utgjevarpoststad : Stord  
Red. Amund Lid, tlf. 75 Norhsund  
Eksp. : M. Skumsnes, Horneland  
5400 Stord. Postgiro : 42887, Stord  
*S. Botnens Boktrykkeri, Stord*  
Bladet blir sendt gratis til alle  
som sender eksp. namn og adr.  
Blir halde opp med frivilj. gáver  
Norsk Lutherisk Lekmannsmisj. :

Formann. Olav A. Dahl,  
boks 95, 5401 Stord. Tlf. 69,  
Kass. Sverre Bøhn, 5600 Norheim-  
sund. Postgiro nr. 68213

Bankgiro . Vikøy Sparebank  
Norheimsund 3530.07.09492

Jesus vil nok sjølv syta for å rydda  
seg rom, i hjarta ditt og i livet ditt og  
i heimen din.

Lukke til, og eg kan lova deg ei god  
jul og eit velsigna nytår. A. L.

## Simeon finn Jesus i tempelet

Luk. 2, 25—35

« I Jerusalem var det då ein mann som heitte Simeon, ein rettferdig og gudleg mann, som venta på Israels trøyst. Den Hellig Ånd var over han, og hadde openberra for han at han ikkje skulle fara or verda før han hadde set Herren Messias. No kom han til tempel — det var Anden som dreiv han — og då foreldra kom berande inn med Jesus-barnet og ville fara med det som visa var etter lova, tok han det i armane sine og lova Gud og sa : «Herre, no let du tenaren din fara herifrå i fred, etter ditt ord; for augo mine har set di frelsa som du har laga til for åsyna for alle folk, eit lys til openberring for heidning-

ane, og ein herleddom for Israel, folket ditt.» — Far hans og mor hans undra seg over det som vart sagt om HAN. Og Simeon velsigna dei, og sa til Maria, mor HANS : «Dette barnet er sett til fall og oppreising for mange i Israël og til eit motsegjingsteikn; men deg og skal eit sverd stinga gjennom sjela; då kjem det opp kva tankar mange gøynde i hjarta.»

Kven var denne Simeon?

Det står ikkje noko om at han var gammal. Ein ung kristen har også himmel-lengt og kan gjerne av og til seia : No kan eg godt fara herifrå. Det står at han var ein rettferdig og gudleg mann. Han trudde på Gud som rettferdiggjer den ugudelege og denne Guds rettferdiggjering gjorde han også til ein «gudleg» og heilag mann. Han haldt fast på Guds ord og løfte : «venta på Israels trøyst». Det var ordet om Jesus i skriften han klyngde seg til.

Den Hellige Ånd var over han og HAN dreiv han til templet, står det (v. 27). Kvifor akkurat dit? — Det er klart at Simeon hadde ikkje nokon Bibel heime, men i templet der var «Loven og profetane» (GT), og der studerte dei «skriftene». Det kan godt vera at i den tida lærte både øystepresten og dei skriftlærde ikkje berre rett, (Mat. 2, 5—6), men gjerne også i den Hellige Ånd. Dei viste i all fall då andre den rette vegen til Jesus ( Dei vise menn frå Austerland) Men då dei ikkje sjølve handla etter «ordet» og gjekk til Betlehem for å møta og sjå Jesus, miste dei etter kvart lys over ordet, og om vel 30 år finn me dei som Jesu verste fiendar. (Mat. 26, 59 og 27, 20 og 41). — Eg saknar det heilage samfundet her ute. Det har då likevel vore svert godt å be i lag med ein ung student her som kjem til meg av og til. «Hvor to og tre forsamlet er i namnet ditt o Herre, Der, vil du selv dem trede

nær og midt iblandt dem være. Du ennå hint det under gjør Og kommer inn ad lukket dør Til alle dine kjære.» (Godt at me også har den sangen på kinesisk) — Det er merkleg at Simeon så snart han ser Jesus-barnet så får han vissa om frelsa. Tek Jesus i armane sine og prissar Gud. Korleis kunne han sjá seg frelst i det vesle barnet? Det var og er uforstæleg for vår forstand. Det var den hellige Ånd som sette Simeon istand til å tru. Slik med oss også. «Ikkje at eg av min eigen styrke eller fornuft kan tru på Kristus elier komå til Kristus, min Herre; men det er Den Hellig Ånds gjerning.» (Luther).

Kva slags sverd som skulle gå gjennom sjela på Maria, Jesu mor, er også vandt å skyna. Kanskje var hennar høge morskall nettopp ei hindring for trua. Tvo gonger seier Jesus «kvinne» og ikkje mor til henne. Ja, enno inn i døden måtte han seja det. Det blei som ei (almindeleg) sy, «kvinna at også ho fekk nåde. Me finn henne seinare i lag med bønefolka. (Ap.gj. 1, 14)

Jesus var «sett til fall og oppreising for mange.»

«Sett til fall» også? Kva slags fall er det skal tru? Til fall først og så til oppreising? Så må det vera eit fall ned for Jesu fot, gjev opp sin kamp mot Gud, kapitulerar, «gir seg over», erkjenner si synd og si skuld. «Om synd, fordi dei ikkje trur på meg», sa Jesus. Ja, det er synda i all synd. Tenk å vanvyrda slik ein Frelsar, gjerne med å lita på noko i seg sjølv. Og så ved Jesu fot og motta oppreising av Han. «Da en ugudelig jeg bleven var, Utfattig sjel som intet i seg har, Da fikk jeg se det blod på korset rant, og lægedom for sjelsmerten fant.»

### «Eit motsegjingsteikn».

Det må vera slik at forholdet til Jesus er eit kjennemerke, eit teikn på om ein har liv i Gud eller ikkje. For somme er Jesus som ein hynnestein, som ein grunnar all si livsens rettferd og helging og evig herleidom på. For andre er den same Jesus nettopp det motsette: ein snåvestein, eit støyteberg, eller «eit berg til fall». Dei møter også Jesus, men tek nettopp anstøyt av Han. Dei vil ikkje gå med på at dei er heilt udugande vortne i seg sjølve og med det beste og verste skuldig til evig pine i helvete. Dei har då heller ikkje noko trond til å tru den eine sanne Gud som rettferdigger den ugudelege som har trua på Jesus. Han som er einaste Frelsaren frå synd og død og evig helvete.

Korleis er det med deg som les dette jule-evangelium i 1969? Er Jesus namnet noko for deg i dag? Han som kom for å frelsa sitt folk frå syndene deira. Og det gjorde han ved å utgyte blodet sitt til forating for syndene din. Er Jesu blod noko for deg no? Eller har du kasta frå deg eit godt samvet og litt skipbrot på trua? Det er nemleg Jesus blod som kan reisa samvetet frå døde gjerningar til å tena den levande Gud.

«O la alur' noensinne Korsestre meg gå av miune. Som deg, frelsens første bar. Men la kors og død og smerte Tale, rope i mitt hjerte Hva min frelse kostet har.»

Ha hermed ei signa jul.

*Helsing dykkar utsending*

*Andr. A. Bø.*

# Fylg meg!

Desse to orda finn me i evangeliet etter apostelen Markus 2, 14. Jesus — frelsaren — var ute på reis og gjekk framom tollbua der tollaren Levi Alfeusson sat. Det vil seia at Levi sat der i sitt daglege yrke, det var hans leveveg, sjølv om den etter den tid sitt mål og syn var både syndig og urein.

Men kven sin leveveg er fullkommen rein og uten synd? Her lyt den som er rein kasta den første steinen.

Ein dag kom det ein ung og rik råds-herre til Jesus ute på landevegen og fall ned for føtene hans og spurde: Kva skal eg gjera for å arva evig liv? Jesus spurde han om hans forhold til lova, om han hadde oppfyllt den i livet sitt. Til det syara den unge mannen at alt dette hadde han halde frå han var ung. Han var i sanning ein pryd for sin stand og sitt yrke. Men Jesus hadde nok ikkje det same synet på det, for han ba den unge mannen om å forlata alt han åtte og sit gode yrke for å fylgja Jesus.

Jesus møtte denne mannen med same kallet som Levi, men han fylgde ikkje kallet. Han gjekk sorgfull bort og blei verande i sitt yrke som rådsherre, bunnen til sin rikdom og sitt fine liv.

Men om Levi står det skrive: *Då reiste han seg og fylgte Jesus.*

Det å fylgja Jesus kan ofte føra det med seg at ein lyt forlata sit gamle yrke eller leveveg. Av skrifta ser me at Jesus sine lærersveinar og mange andre forlet arbeidet og levevegen dei hadde og fekk ei ny tenesta og nytt yrke. Heile deira liv kom inn under Anden og Ordet sitt lys, liv og teneste. Slike går Jesus inn til og set seg til bords, og dei får sitja til bords hjå Jesus.

Men dei fine og eigenrettferdige fari-

searane og skriftlærde tolde ikkje dette at Jesus gjekk inn til tollmenn og syndrar og åt saman med dei. Men Jesus som vissste tankane og høyrdieorda dei- ra, han såg nok onnorleis på dette, for han sa: Det er ikkje dei friske som treng lækjar, men dei som har vondt. Eg er ikkje kommen for å kalla rettferdi- ge, men syndrarar.

For oss menneske er det naturleg åtru at Jesus går ikkje inn til andre enn dei som lever eit godt og nokolunde syndfritt liv. Det er årsaka til at folk prøver å pynta sitt liv og ordna opp i sitt hus, så dei kan be Jesus inn.

Men Jesus er ikkje slik. Han går berre inn der alt dette misslukkast, inn til angrande og syrgande syndrarar som er både skuldige og ærelause overfor Gud. Hjå Jesus får du ein skatt i himmelen og kallet: Kom så å fylg meg.

Den som høyrer kallet og fylgjer det, han vil få erfara at Jesu ord er sanne — at det er dei sjuke og dei som har det vondt Jesus kom for å frelsa og lækja. Tenk berre på Peter, han som var sjuk og hadde det så vondt etter å ha fornekta Jesus. Han sökte Jesus og blei lekt. Likeeins gjekk det med Saulus frå Tar-sus som forsyldge Guds folk. Han blei lekt då han fekk læra Jesus å kjenna. I Jesu sår har me fått lækjedom, seier profeten Esaias.

Jesus spør sine: Kven seier folk at Menneskesonen er? Kven seier de at eg er? Det vil nok bli mange ulike svar, så vi vil støgga litt ved kva Bibelen seier at Jesus er. For dei ureine er han rein, for syndaren er han den som er utan synd, for dei fattige er han rik, for dei blinde er han sjåande, for dei døde er han den levande og for dei sjuke er han den friske.

For ein slik frelsar måtte me ha som er heilag, uskyldig, rein, skild ifrå syndrarar og opphøgd over himlane — Hebr.

7. 26. Men ei hovedsak i det som her vert sagt, er: Me har ein slik øvste-prest-frelsar — Hebr. 8, 1-flg.

Og som kvar må sanna, stor er løyndomen i guds frykta: Han som vart openberra i kjøt, rettferdigjort i ånd, sedd av englar, forkjent mellom folkeslag trudd i verda, uppteken i herlegdom. 1. Tim. 3, 16.

Ein slik frelsar og stedfortredar måtte Levi ha, det måtte Peter ha, og det må også eg og du ha. Og Gud vere takk:  
*Det har me!*

Det ligg mykje i desse to orda: Fylg meg. Jesus seier fylg meg, når eg ropa: Vend om for himmelrike er kome nær. Når eg gir den blinde synet, ropar Lazarus fram or grava, eller når eg talar med kvinnan ved Sykars brønn, når Nikodemus kjem om natta med si sjelenød, og når eg stiller stormen. Fylg meg når eg ser folket og gret over folket som er som får utan hyrde, då eg ville samla dei som ~~sojourner~~ som samlar kjklingane

under vengjene, men dei ville ikkje, for dei kjende ikkje si gjestingstid. Fylg meg til Getsemane der alle sovna, men eg vakte, leid, stridde og drakk den bitre skåla i staden for deg Levi. Fylg meg til krossen, der eg ropa fullført så forhengen rivna frå øvst til nest, og til den opne grava der eg syner meg for dei som tok imot ordet om å fylgja meg. Sjå kor glade dei blei då dei sa: Det er Herren! Ja, her er i sanning meir enn eg kan nemna.

Levi fylgde Jesus, og han fekk nok sjå at Jesus «er imot syndaren god.»

Korleis er det med deg som har fått det same kallet? Har du forlate di «bu» og fylgt Jesus? Eller har du fylgt ei anna røyst, som seier at du kan vente til seinare, til ei meir lagleg tid? Nå er det deg det gjeld, det er du som møter kallet: *Fylg meg!*

«Vegen vert nok tung og trang, men gleden bliver evig lang.»

*Odd Dyrøy.*

## De veit ikkje kva ånd de er av

(Luk. 9, 55).

AV Amund Lid

Det er nok mange fleire enn Jakob og Johannes og Jesu læresveinar som ikkje veit kva ånd dei er av. Me treng nok også stilla oss sjølv det spørsmålet kva ånd me er av, eller ånd som rår over oss og får bruka oss.

Det er mange menneske som ikkje tenkjer over eller veit at me er ein bolig for åndsmakter, og ein reidskap for den ånd som rår over oss.

Den menneskelege lekamen er ein bolig og ein reidskap for menneskeånda, som bur i menneske så lenge det lever.

Slik er også den menneskelege lekamen ein bolig for andre åndsmakter, anten Guds ånd eller vonde åndsmakter. Åndsmakter er avhengig av ein menneskeleg reidskap, og det er årsaka til at både Gud og dei vonde makter lyt brukta menneska til å utføra sin gjerning her på jorda.

Mange menneske trur ikkje hverken på Gud eller djevelen, og avisar derfor all tale om dette. Men Bibelen reknar med åndsmakter, og talar mykje om dei. Eller veit de ikkje at lekamen dyk-

kar er eit tempel for den Heilage Ande, som bur i dykk, han som de har frå Gud, og at de ikkje er dykkar eigne? (1. Kor. 6, 19—21). Eg lever ikkje sjølv lenger, men Kristus lever i meg. (Gal. 2, 20.) Men nå er de Kristi lekam og hans lemer, kvar etter sin lut. (1. Kor. 12).

Men bibelen fortel også at Satan kan bu i og arbeida ved menneske. Då Judas hadde fått beten, for Satan i han. (Johs. 13, 27.) Jesus seier: Når den ureine ånda fer ut or eit menneske, flakkar ho over vasslause vidder og leitar etter ein kvilestad, men finn ingen. Så seier ho: Eg vil fara attende til huset mitt, som eg flytte utor. Og når ho kjem der, finn ho det tomt og feia og fjeilga. Då fer ho av stad og tek med seg sju andre ånder som er argare enn ho er sjølv, og dei gjeng inn og vert buande der, og har det vore ille med det menneske før, så vert det ennå verre sidan. Såleis kjem det til å gå med denne vonde ætta. (Mat. 12, 43-45). Elles talar Bibelen om mange menneske som levde i vonde ånder si makt og teneste. Men dette skulle vera nok til å stadfesta denne sanninga.

Skrifta talar også om at ein kristen heller ikkje går fri dei vonde ånder og djevelen, som vil bruka oss i kampen mot Gud. Det er Judas vitne om, han ein av dei tolv apostlane som Jesus sjølv valde ut. Satan kom også gjennom Peter og ville freista Jesus til å gå utanom lidinga på krossen for slekta (Matt. 16, 22-23). Og i ordet ovanfor ser me at Jakob og Johannes og dei andre læresveinane visste ikkje kva for ei ånd som tala gjennom dei.

I Efeserbrevet 6 står at me har ikkje strid mot blod og kjøt (menneske), men mot herrevelde, mot åndsmakter, mot tida si ånd som rår i denne tida sitt mørker, mot vondskapens åndeher i himmelromet.

Derfor seier Guds ord: De kjære, tru ikkje kvar ei ånd, men prøv åndene om dei er av Gud! For mange falske profetar har gått ut i verda. (1. Johs. 4, 1-fg.)

### Korleis kan eg vita kva ånd eg er av?

Dei visste det ikkje, før Jesus sa det til dei. Sjå Johs. Openb. 3, 17). Og det gjer han åleine ved den Heilage Ande sin tale til menigheten, ved Guds ord — Bibelen.

Ein annan gong står det at det steig ein tanke opp i dei om kven som var størst (Luk. 9, 46). Og det var nok ikkje første gongen den tanken melde seg, for det står også skrive at det tala dei med kvarandre om då dei gjekk på vegen og endå til i nattverdsalen. Slike tankar er vel heller ikkje framande for oss: Kven som er den beste og største forkynnar, kven som har det beste vitnemålet, kven som ber best og lever best som kristen osv.? Slike tankar er ikkje av Gud. Det står at Jesus visste kva tankar dei bar i hjarta, og han tok eit lite barn og sette mellom dei. Den som tek imot barnet *for mi skuld* han tek imot meg. *For den minste av dykk alle, han er stor.* Ein annan stad seier Jesus: Den som vil verta stor millom dykk, *lyt tena dei andre*, og den som vil vera den første av dykk, lyt vera træl for dei andre. Menneskesonen kom heller ikkje for å *la seg tena*, men for å tena og gi livet sitt som løysepeng for mange. (Matt. 20, 26—28). Av dette ser me at den som kjeler for tanken om å vera størst og først, og let seg tena som den største, han veit ikkje kva ånd han er av. Men Gud har sett lekamen såleis saman at han gav *det ringaste størst æra*, så *det ikkje skal vera tvidrag i lekamen*. men at lemene skal ha same omsut for kvarandre. Og om ein lem lid, så lid al-

le lemene med, eller om ein lem vert heidra, så gleder alle lemene seg med. *Men nå er de Kristi lemer, kvar etter sin tut.* (1. Kor 12, 24—27).

Ein annan stad tok Johannes til ords og sa : Meister, me såg ein som dreiv ut vonde ånder i ditt namn, og me forbauð han det, *for di han var ikkje i fylge med oss.* Den tanken og gjerningen å forby og hindra dei i tenesta som ikkje er med oss, den er ikkje av Gud. Og me ser at Jesus sa dei beint ut at dei ikkje skulle gjera det. Dette er heller ikkje ukjende ting mellom oss som lever i vår tid.

Då Jesus sende bod fyre seg og ba om hus, ville folket ikkje ta imot han, for di han var på veg til Jerusalem. Då var det Jakob og Johannes spurde om dei skulle be ald ned frå himmelen og tyna dei, som Elias gjorde. Då snudde Jesus seg og tala strent til dei og sa : De veit ikkje *at* dei er av. Menneskesonen er ikkje komen for å øyda menneskeliv, men for å frelsa.

Når nokon ikkje vil opna bedehusa eller heimane sine for oss, for di me ikkje er saman med dei eller har same syn som dei, kva ånd er det då som rår i vårt sinn og tanke og som finn uttrykk i ord og handling? Jødane og Samarianane hadde ulike syn på kvar dei skulle tilbe Gud og tena Gud, Jerusalem eller Garisim. Og nå var Jesus på veg til Jerusalem for å tilbe Gud, derfor ville dei ikkje ta imot han i husa sine. Dette er ikkje ukjende ting for oss, så la oss prøva oss kva me ånd er av, i Guds ord og lys.

Ingen kan vel hindra at slike tankar melder seg, men dei kan ikkje få leva og rå i hjarte og tankelivet. Er dei i åndens lys og under åndens tukt, så me lever i erkjenning og under Guds nåde, kan dei ikkje skada oss. Men er dei ikkje det, då vil snart gudslivet vårt ta

skade. For det står skrive at lever de etter kjøtet, skal de døy, men døyder de gjerningane åt lekamen ved Anden, så skal de leva (Rom. 8)

*Verda si ånd, tidsånda,* rår over svert mange menneske, den ånda som nå verkar i vantrua sine barn (Efes. 2, 2—3) Den ånda kjennest på at du må vera lik dei andre, og ikkje skilja deg ut på nokon måte. Den ånda møter du i barna som kjem gråtande heim og spør : Kvi-for skal me alltid vera ulik alle andre? Du må vera lik dei andre i klær, interesser, tale og måte å leva livet på osv. Du klagar på og er misnøgd med løna som dei anare, du må ha bil og fjernsyn som dei andre osv. Guds ord seier at denne ånda kjennest på at du gjer det som kjøtet og tar kane vil og er av natura eit vredens barn — som dei andre. Der verda si ånd rår, der er det umpsuta for kjøtet — for deg og ditt — som går først. Tenk om verda visste kva ånd dei er av, og kvar den fører dei hen. Men ulukka di er at du trur ikkje Gud og hans ord når han talar til deg om dette.

Den ånd som var i farisearane og dei skriftlærde — farisearånda — den er like färleg som verda si ånd. Det er om den ånda Jesus seier i Luk. 12, 1 : Framom alt : *ta dykk i vare for surdeigen åt farisearane — hyklarskapen!* Dei var den tids humanistar eller idealistar, og Paulus gav dei det vitnemålet at dei var nidkjære i å tena Gud og etter lova ulastande. Men nåde og tilgiving for sine synder hadde dei ikkje bruk for, så Jesus viste dei frå seg. Farisearånda trer fram i mange ulike former også i vår tid.

### Den ånd som er av Gud.

Men me har ikkje fått den ånd som høyrer verda til, men den Ande som er av Gud (1. Kor. 2, 12). Den som har denne ånd kjenner det som er oss gitt

av Gud. Då kjenner ditt hjarta løyndomen i evangeliet, Guds visdom, Guds frelsa, det som Gud frå ævelege tider har etla til vår herlegdom, den som ingen av herrane i denne verda kjende. For hadde dei kjent han, så hadde dei ikkje krossfest herlegdoms-herren. Men for oss har Gud openberra det ved sin Ande.

Då høyrer du og tek imot den Heilage Ande sin tale og overtyding og den åndelege visdom som Anden lærer oss. Eit naturleg menneske tek ikkje imot det som høyrer Guds Ande til, for det er han ein därskap, og han kan ikkje kjenne det, for det vert dømt åndeleg.

Der Herrens Ande er, der er fridom (2. Kor. 3, 17). Då er sveipet som ligg over hjarta burtteke, og du ser herlegdomen i Kristus, han som kjøpte deg fri frå synda og lova si forbanning. Då lever du i den nye pakta i Jesu blod, og har vorte tenar for ei ny pakt, ikkje for bokstav men for Anden.

På det skal de kjenna Guds Ande: — Kvar ei ånd som sannar at Jesus Kristus er kome i kjøt, er av Gud. Og kvar ei ånd som ikkje kjennest ved Jesus, er ikkje av Gud (1. Johs. 4, 2—3). Det vil seia at du trur Jesus kom inn i vår slekt blei eit menneske som oss, for å frelsa oss ved å gi sit liv og blod for våre synader. Trur det Guds ord seie: At Gud har stengt oss og alt vårt inn under synd, både det me kallar vondt og det me trur er godt, og overlate heile vår frelse til Jesus. Frelsa blir *gitt* dei som trur på Jesus og det verk han gjorde i vår stad på krossen, på det livet han levde for oss under lova og den siger han vann for oss.

Er du av verda, så vil verda høyra deg. Men er du av Gud, så vil den som kjenner Gud høyra deg, men den som ikkje er av Gud vil ikkje høyra deg. På dette kjenner me sanningsånda og villfarings-

ånda. seie Guds ord (1. Jchs. 4, 6)

Det vil også visa seg på at du elskar Gud. Den som ikkje elskar, han kjenner ikkje Gud, for Gud er kjærleik. Du elskar Jesus, og evangeliet om Jesus, og kvar den som er fødd av Gud og kjenner Gud. Me elskar, av di han har elsa oss først, og me har kjent og trutt den kjærleiken Gud har til oss. Den fullkomne kjærleiken viser seg i at me har frimod for Gud, under Guds dom i ordet eller på domens dag, og på at den driv frycta ut or samvite. For det er ikkje frykt i kjærleiken.

Kjærleiken søker ikkje sitt eige, briskar seg ikkje, gjer inkje usømeleg, gøymer ikkje på det vonde, gler seg ikkje ved urettferd. Men alt lid han, alt trur han, alt vonar han, alt toler han. (1. Kor. 13.)

## **Om hjertets avgudiske kjærighet til de synlige ting**

*Rosenius sitt svar til en bedrøvet venn*

Kjære bror! Guds fred! Da jeg leste gjennem ditt brev hadde jeg kunn en følelse, nemleg at jo mer elendighet der kom frem, di mer elsket jeg deg. Å, min kjære bror, jeg ser så godt hvordan det er med deg. Dels kjenner jeg deg fra personlig omgang, dels er dine breve så klare speil av hele din natur og vesen, at jeg nok tror å kunne sie deg hva sykdommen er. Men dermed kan den ikke legeis, selv om den muligens kan lindres noe. Nei, du får vel draes med den så lenge du er her på jorden.

Har du lest om den hårdnakkede sukkersyken, om hva for en streng diett og iherdigheit der kreves, om den skal overvinnes? Som den sukkersyke må holde seg fra alle stoffer som danner sukker i

hans legeme, men derimot må spise usalt kjøt og -suppe, slik kreves det en stadiig og streng iherdighet, for at ikke sinnenet følge sin sterke tilbøyelighet men alltid holde til den motsatte side. Så sterkt heller din natur til kjøtet, til det som kunn er høy og strå, nemlig deg selv og andre mennesker. Du mottar stadiig inntrykk fra ting du ser, føler og hører, og har vanskelig for å holde deg til det *evige, faste, store, sanne og virkelige*, som er *Gud alene*. Jeg tenker ikke for alvor at du er ganske alene om en slik natur, for vi lider alle av den samme natur, selv om noen heller til andre sider, til det oversanselige, svermeri o.s.v. Som motvekt mot en slik natur vet jeg to store sannheter som lejemidler, eller som burde være høye mål som øye aldri skulle vike fra.

De to store sannheter er :

Først det første at alle mennesker er *intet, kun et veir*, kunn *høy*, kunn *støv*, og det er gjennemsyret av helvedes vondskap, gift og ormeeiter. For det andre, så er Gud alene *alt, all kraft, all nåde, godhet, troskap, kjærighet og salighet*, og det både i åndelige og legemlige ting.

Med andre ord, det ville gjøre deg meget godt om du betraktet følgende emner : Rom. 9, 16—23, Salme 139, Job. 38 og 39 kap., Esa. 43 og 45, 2—7 og flere lignende, og at du ut fra disse Guds ord lot følgende praktiske anvendelser trenge dypt inn i ditt sinn.

1. Alt hva der hender meg, eller noensinne kan hende meg, er til den minste ting tilmålt meg av min himmelske far, av hans visdom, godhet og makt — så sant som Jesus sier, at *ikke et hår faller av vårt hoved, uten det er hans vilje*. Se dertil Sørges. 3, 37—38. 2. Sam. 16, 10.

2. Alt hva jeg synder eller noensinne

*kan synde*, det skal ikke et øyeblikk røkke min nædestand, så lenge som Kristus er mitt liv og synden min plage og redsel. Ja, om syndene er så blodrøde som o.s.v. (Ssa. 1, 18). Ta her alt Guds evangelium til hjelp og vederkveg fullstendig din sjel, så at du blir alldedes viss på at du med din vondskap er et Guds barn, at Gud aldri tilrekner deg synden. Da skal du få ny lyst og kraft til å drepe synden, vreden og utovalmodigheten, til å gjøre godt igjen hva du virkelig har feilet, og heretter våke mer enn før. Men vogt deg for å gjøre slike ting til en betingelse for troen, for da synker du igjen ned i usselhet.

Dette er det viktigste. Gud hjelpe deg, kjære bror, til at du mer og mer får *stadfeste hjertet ved nåden*.

## Hvordan kan en kristen være viss på sitt barnekår hos Gud?

Av Peder Dreier

*Ikke ved andre menneskers dom om ham.* Menneskedommene behøver ikke være ganske verdiløse. Et kristenmenneske skal ikke sådan uten videre heve seg over andre menneskers dom over seg. Det kommer jo forresten meget an på, *hvem* det er, som dømmer. Men å lytte altfor meget til andre menneskers dom er «*umandig kristendom*», og kan let føre til «*øyentjenestens*» usle kristenliv. (Efes. 6, 8) Den mandige, (ædruelige,) sindige kristendom derimot vokser oppad mot det mål, som Paulus var nådd frem til : «For meg har det intet å sie å dømmes av eder eller en menneskelig domstol, ja, jeg dømmer meg ikke en gang selv, — — den, som dømmer meg er Herren.» (1. Kor. 4, 3-fig.) Den sterke og glade visshet har en bedre grunn

å hvile på enn menneskers domme. Den hviler på Kristus. Og han er der, selv om han er skjult som undervannsklippen, eller som solen dekket av skyen. Guds kjærlighet, Jesu frelse, Kristi liv i meg, altså intet av mitt, men noget utenfor meg, noget hos Gud og av Gud, som er kommet inn i meg, det er frelsesvisshetens grunn.

*Heller ikke skal min visshet som kristen være bygget på min kjærlighet til Kristus.* Hvad tid ville den for en oppriktig kristen synes sterk nok, ren nok, varm nok? Det skal meget til for å tilfredsstille en våken og øm samvittighet. «På dette at vi ikke elsker med ord eller tunge, men i gjerning og sannhet, skal vi kjenne, at vi er av sannheten». (1. Johs. 3, 18-fg.) Men «i dette er kjærligheten, ikke at vi har elsket Gud, men at han har elsket oss og sendt sin søn til soning for våre synder.» (1. Johs. 4, 10)

Der kom en gang en bekymret syndet til dr. Krummacher i Bremen. Han hadde stillet seg ansigt til ansikt med sin Gud og funnet, at det sto så ille til med ham, at om Herren hadde spurt ham: Elsker du meg? syntes han, at han kun kunne svare: «Nei, Herre, du vet alle ting, du kjenner min hjertekulde, mine synder, min gjøren og laden, mitt elendige bønneliv, min ringe tro, du kjenner mine mange og gjentagne overtrædelser, du vet, at jeg ikke elsker deg» Han syntes, jorden vaklede under hans føtter. Ja, han var kommet sålangt ned, at han twilte på muligheten av noensinne å komme til nåde hos Gud, så han syntes alt håp var ute. Så utøste han sitt hjerte for dr. Krummacher. Denne gav han følgende råd: «Vend spørsmålet om Spør Freiseren deg: Elsker du meg? Så spør du ham: Elsker du

meg? — Din kjærlighet til ham kar, jo nemlig aldri bli den grunnvoll, hvorpå du bygger dit håp. «Deri består kjærligheten» sier jo Johannes, «ikke at vi har elsket Gud, men at Gud har elsket og sendt sin sønn til forsoning for våre synder.» Denne trøst var en himmelsk balsam for den bekymrede, og Herrens kjærlighet blev så klar for hans øyne, at han snart med barnlig tillit og glede kastet seg i hans arme og jublet: — Ja, Herre, du vet alle ting, du vet, at jeg elsker deg! »

Et foreldreloft barn kan elske meg så meget det vil. Det blir aldri antat som mit barn. Det kan derimot komme til å ske, om og ved at jeg elsker det.

*Heller ikke skal min visshet om barnekår hos Gud bygges på mine følelser.* Følelsen er ustadic og bevegelig som bølgen. Der er meget både innenfra og fra et menneskes legemlige tilstand og fra det menneskeliv, vi lever og påvirkes av, som kan øve sin innflytelse på følelsen. Solen er der dog like varm og like strålende, om himmelen er så overskyet, at solen ikke sees. Således er Jesus der med sin kjærlighet like varm og like strålende, om han synes skjult for deg. — Du vil søke forgjæves i hele dit nye testamente etter et eneste ord av Jesus eller hans apostler, der gjør kristendom og kristenliv avhengig av følelse. «Føle» er i det hele tatt et ord, som nokså sjeldnen finnes i det nye testamente.

Nei min barnestands visshet kan alene bygges: *På Jesu gjerning for meg, på Jesu kjærlighet til meg, på Jesu ord til meg.*

Dette er ikke sandgrunn, men klippegrunn fast og urokkelig som klippen i havets hjerte.

hvor mit navn står skrevet, lar seg ennå mindre utslette ved noen menneskelig anstrengelse eller ved noe menneskelig middel. *Der gies et renselesesmiddel — kun et — Jesu Kristi blod.* J. Brandzæg

---

## Han er en forsoning for våre synder

(1. Johs. 2, 2)

### Du kan ikke stryke det ut.

Skriv ikke der, sa en far til sin søn, som skrev med en diamant på et vindu i hotellet der de bodde. Hvorfor ikke, spurte sønnen. Fordi du ikke kan stryke det ut igjen, svarte hans far.

Tenker du noen gang over, at hver dag skriver du noe som ikke kan strykes ut igjen? Du talte hårdt til din mor en dag. Det trengte inn i hennes elskende hjerte og såret henne dypt. Det er der ennå, og sårer henne hver gang hun tenker på det. Du kan ikke stryke det ut. Du hvisket et stygt ord forleden dag inn i din kamerats øre. Det satte seg fast i hans sinn, og forleddet ham til å gjøre en ond handling. Det er der nu. Du kan ikke stryke det ut. Alle dine tanke, alle dine ord, alle dine handlinger er oppskrevne i Guds bok. Det er en bedrøvelig historie. Du kan ikke slette det ut.

Men — hva der er skrevet i Guds bok, det kan bli utslettet. Du kan ikke stryke det ut, men *Jesu dyre blod* kan slette det ut, dersom du er bedrøvet og ber ham om det.

Der går mange fortellinger om, hvorledes der på steder hvor et menneske ble myrdet, er blit stående igjen på gulvet en stor blodflekk som man ikke har vijrt i stand til å få bort, selv om man både har vasket og skuret, ja høvlet og malt gulvplankene der flekken sto. Til trass for alle anstrengelser har blodet skinnet igjennem til et bestandigt minne om ugjerningen.

*Syndepbleitene på sjelen og de pløtter som min synd har satt i Guds bok,* der

## Ven, hvorledes er du kommen inn her?

(Matt. 22, 12)

Således spurte kongen, da han gikk inn i bryllupshuset for å se på gjestene, og fant en som ikke hadde bryllaupsklær på. Bryllupshuset det er Guds rike og menighet, slik som den trer frem her i sin utvortes skikkelse. Gjestene er alle dem som ved dåp er innlemmet i Guds menighet, dem som sitter sammen og hører Guds ord, samles om nattverdbordet og i det ytre viser seg som dem der hyller sønnen.

Men kjære, du som leser disse ord og kanskje mener du er kommen i samfunn med Gud, *hvor har du bryllaups-kledningen?* Her kan du klæ deg med kristendommen sine kluter og være i lag med guds barn, ape etter dem i et og alt og låne av deres åndelige erfaringers tale, på samme tid som du kan leve et utvortes religiøst liv. Hvem ville falle på å tro at du skulle sitte i din egen drakt og ikke være iført bryllupsdrakten? Andre i salen kan være uvitende om det, men kongen ser det, om det er så.

*Hvorledes er du kommet inn her?* var spørsmålet. Du kan vel svare, om du ikke har stjålet deg inn over muren. Der er kun en dør inn til Guds rike, og de som går inn gjennem den, de blir alltid iført bryllaupskledningen.

*Døren og kledningen er Jesus.* Har du iført deg ham? Har du fått et nytt liv? Er du ved troen på ham gjenfødt til et levende håp — kan du ikke svare? Så våkn opp og omvend deg, elles vil du en gang komme under den dom: Bind hender og føtter på ham og kast ham ut i det ytterste mørke! Der skal det være gråt og tenners gnidsel. *Th. Rettedal.*